

## **Høyringsuttale til forslag om endringar i barnehagelova (Styring og finansiering av barnehagesektoren)**

FrP, H, KrF, Sotralista TVØ

Øygarden kommune meiner den norske barnehagemodellen, som særleg etter at barnehageforliket blei innført i 2003, har tent kommunar og innbyggjarar godt. Gjennom ein god balanse mellom styring av, og fridom for, dei private og ideelle barnehagane har samfunnet oppnådd full barnehagedekning og eit barnehagetilbod foreldra er fornøgde med.

Øygarden kommune ser at det har skjedd strukturelle endringar i sektoren som gjer at det er behov for å oppdatera delar av regelverket.

Øygarden kommune vil samstundes påpeika at barnehagesektoren har vore gjennom eit kvalitetsløft med langt fleire tilsette og eit styringsløft med auka transparens dei siste åra og vil generelt åtvvara mot å overbelasta ein sektor med mange små og ideelle aktørar med store regelverksendringar over kort tid.

Øygarden kommune støttar at kommunane får høve til å fastsetja forskrifter for makspris for foreldrebetaling, minimum opningstid, bemanning og kompetanse. Det er positivt at lova tydeleggjer at kostpengar berre skal gå til kost og tillaging, men det bør forblif eit rom for at private og ideelle kan ta nok kostpengar til å halda fram med eit profiltilbod basert på mat. Det er difor ikkje nødvendig med kommunal regulering av nivået på kostpengane.

Øygarden kommune er positiv til at kommunen får høve til å stilla vilkår ved etableringsgodkjenning av private barnehagar.

Øygarden kommune viser til dei gode erfaringane med samordna opptak, og meiner det ikkje er behov for ytterlegare regulering av opptaket i barnehagane i dag.

Øygarden kommune støttar ikkje at kvar kommune skal utforma eigne reglar for finansiering av private barnehagar.

Øygarden kommune ser med uro på at kommunane vert påført ein administrativ byrde som ikkje vert kompensert frå staten, samstundes som det gir grunnlag for auka konfliktnivå om innretninga på støttenivået. Ettersom innbyggjartilskotet til kommunen for barnehagebarn ikkje vert endra, vil det lokale handlingsrommet for tilpassingar vera så lite at administrasjonsbyrda overstig verdien av å kunne ha større lokale tilpassingar. Nasjonale reglar bør bestå, med auka rom for lokale tilpassingar som for eksempel ta ut barnehagar som avvik stort frå gjennomsnittet frå berekningsgrunnlaget for tilskotet til private barnehagar.

Øygarden kommune støttar at likebehandling av kommunale og private barnehagar inneber at like tilfelle skal behandlast likt, og at kommunen berre kan forskjellsbehandla kommunale og private barnehagar dersom det er sakleg grunnlag for det.

Øygarden kommune viser til dei gode erfaringane med samarbeid mellom private, ideelle og kommunale barnehagar når det oppstår overkapasitet, og at ein har klart å løysa dette innanfor dagens regelverk. Det vert vidare vist til at private plassar som ikkje blir tatt i bruk ikkje kostar kommunen noko, og at det derfor ikkje behov for høve til å redusera talet på plassar hjå private.

Det er positivt at det vert mogleg å nytta økonomiske reaksjonar ved brot på barnehagelova med forskrifter.

Øygarden kommune meiner at rammeverket for barnehagesektoren bør byggja på nasjonale reglar som sikrar jamnare og høgare kvalitet i tilbodet til barna, økonomisk likeverdig behandling av private,

ideelle og kommunale barnehagar, og valfridom for foreldra. Rammeverket bør utviklast i samarbeid med aktørane i sektoren.